



Nynorsk kultursentrum

# Protokoll styremøte

**Ivar Aasen-tunet, Ørsta, 30. september 2016 kl. 12.00–15.15**

## Til stades

Grete Riise (*fungerande leiar*), Hilde Barstad, Brit Bildøen, Sæbjørn Forberg, Stein A. Hevrøy, Jon Østbø, Jens Helleland Ådnes, Øystein A. Vangsnes (rådsordførar, observatør), Ottar Grepstad (sekretær)

## Forfall

Lodve Solholm

## Sakliste

### Konstituering

- 48/2016 Innkalling og sakliste
- 49/2016 Godkjenning av protokoll

### Saker til orientering

- 50/2016 Referatsaker
- 51/2016 Aktuelle saker
- 52/2016 Personalsaker

### Vedtaksaker

- 53/2016 Rekneskap januar–august 2016
- 54/2016 Prognose 2016
- 55/2016 Vedtektsendringar og ordbruk
- 56/2016 Vinje-fondet: retningslinjer
- 57/2016 Vinje-senteret: forprosjekt
- 58/2016 Statsbudsjett 2017
- 59/2016 Diktarhuset
- 60/2016 Luther-jubileet 2017
- 61/2016 Nynorsk på Frankfurter Buchmesse 2019
- 62/2016 Utstillings- og formidlingsplan nr. 5 2017–2020
- 63/2016 Nybygg i Aasen-tunet
- 64/2016 Ombygging av Steinhuset
- 65/2016 Administrasjonsspråk i Vestlandsregionen

## **Drøftingsaker**

- 66/2016 Retningslinjer sosiale medium  
67/2016 Resultatvurdering Dei nynorske festspela 2016  
68/2016 Resultatvurdering sommarsesongen 2016  
69/2016 International network of language museums

# **Konstituering**

## **48/2016 Innkalling og sakliste**

### **Vedtak**

Innkalling og sakliste er godkjend.

## **49/2016 Godkjenning av protokoll**

### **Vedtak**

Protokoll frå styreseminar og styremøte 9.–10.6.2016 er godkjend.

# **Saker til orientering**

## **50/2016 Referatsaker**

### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til vitende.

## **52/2016 Aktuelle saker**

### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til vitende.

## 53/2016 Personalsaker

### Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

# Vedtaksaker

## 54/2016 Rekneskap januar–august 2016

### Vedtak

Styret tek rekneskap januar–august 2016 til vitende.

## 54/2016 Prognose 2016

### Vedtak

1. Styret bed administrasjonen fullføre drifta i 2016 i tråd med utviklingstrekk og føresetnader i prognosen.
2. Styret vurderer eventuelle avsetjingar i 2016 når rekneskapen januar–oktober ligg føre på styremøtet i desember.

## 55/2016 Vedtektsendringar og ordbruk

### Vedtak

A. I samsvar med framlegg frå rådet bruker Nynorsk kultursentrum omgrepet *partnar* om dei institusjonane som har kome med i stiftinga etter skipinga i 1993.

B. I samsvar med framlegg frå rådet blir vedtektene endra slik:

1. § 4, 2. avsnitt, får slikt tillegg som siste setning: Så langt råd er, skal like mange kvinner og menn oppnemnast eller veljast til styret. Ingen styremedlem kan sitje meir enn åtte år i samanheng.

2. I § 6 blir noverande 4. avsnitt omgjord til 3. avsnitt.

3. I § 6 blir dette eit nytt 4. avsnitt: Institusjonar som oppnemner representantar til rådet, skal så langt råd er, oppnemne ei kvinne og ein mann. Ingen rådsmedlem kan sitje meir enn åtte år i samanheng.

4. I § 6 blir dette er nytt 5. avsnitt: Rådet vel ei valnemnd på tre medlemmer for to år om gongen. Ein av medlemene i nemnda skal vere rådsmedlem, ein annan blir vald etter innstilling frå styret i Nynorsk kultursentrum. Ved kvart val går minst ein medlem ut slik at kvar medlem kan ha ei funksjonstid på inntil seks år.

5. Noverande 3. avsnitt i § 6 blir 6. avsnitt, noverande 5. avsnitt blir 7. avsnitt, og noverande 6. avsnitt blir 8. avsnitt.

## **56/2016 Vinje-fondet: retningslinjer**

### **Vedtak**

Retningslinjene blir verande uendra for 2017.

## **57/2016 Vinje-senteret: forprosjekt og overtakingsavtale**

### **Vedtak**

1. Styreleiaren får fullmakt til å signere overtakings- og driftsavtale med Vinje kommune.
2. Det vidare arbeidet blir konsentrert om å avklare alle nødvendige vedtak i eksterne faginstansar og eit trygt grunnlag for endeleg søknad om investeringstilskot innan 1.3.2017.

## **58/2016 Statsbudsjett 2017**

### **Vedtak**

Direktøren tek seg av politisk arbeid med statsbudsjett 2017 i tråd med saksførelegg og drøfting i møtet, i nær kontakt med styreleiaren.

## **59/2016 Diktarhuset**

### **Vedtak**

Styret sluttar seg til hovudlinjene i saksførelegget og bed styreleiaren og direktøren følgje opp på grunnlag av drøftinga i møtet.

## **60/2016 Luther-jubileet 2017**

### **Vedtak**

Styret er positivt til at Nynorsk kultursentrum vil vere ein aktør i Luther-jubileet 2017 og bed styre og administrasjon ta med synspunkta frå drøftinga i det vidare arbeidet.

## **61/2016 Nynorsk på Frankfurter Buchmesse 2019**

### **Vedtak**

1. Styret bed administrasjonen gå vidare med saka på grunnlag av saksførelegg, drøfting i styre og råd, og komande internt arbeid.

2. I samarbeid med styremedlem Jon Østbø konkretiserer direktøren eit framlegg til eit fåtal prioriterte tiltak til drøfting på styremøtet i desember, for vidare oppfølging overfor NORLA.

## **62/2016 Utstillings- og formidlingsplan nr. 5 2017–2020**

### **Vedtak**

Styret godkjenner *Utstillings- og formidlingsplan nr. 5 2017–2020* med dei merknadene som kom fram i møtet.

## **63/2016 Nybygg i Aasen-tunet**

### **Vedtak**

1. Styret støt framlegget om å utgreie bygging av eit vinterisolert lager- og reiskapshus inn i bakken ovanfor Stabburet i Aasen-tunet.
2. Styret set pris på den positive innstillinga frå fylkeskonservatoren og Arbeidstilsynet.
3. Med mål om ferdig bygning før juni 2018 bed styret om eit ferdig forprosjekt til styremøtet 25.2.2017 med grundig behovs- og bruksanalyse.
4. Styret tek stilling til bruk av eigne midlar til byggjeprojektet ved avslutninga av årsrekneskapen for 2016 og fastset då rammene for projektet.
5. Andre tidlegare idear og planar om nybygg i Aasen-tunet blir lagde bort.

## **64/2016 Ombygging av Steinhuset**

### **Vedtak**

Styreleiaren får fullmakt til å godkjenne byggjebudsjett for eventuell ombygging av Steinhuset.

## **65/2016 Administrasjonsspråk i Vestlandsregionen**

### **Vedtak**

Styret gir styreleiaren fullmakt til å signere brev til fylkestinga i Vestlandsregionen på grunnlag av saksførelegg og drøftinga i møtet.

# Saker til drøfting

## **66/2016 Retningslinjer sosiale medium**

### **Vedtak**

Styret tek saksførelegg og drøfting til vitende.

## **67/2016 Resultatvurdering Dei nynorske festspela 2016**

### **Vedtak**

Styret merkar seg den positive utvikinga i arbeidet med Dei nynorske festspela og drøftar det vidare arbeidet i samband med langtidsplan for festivalar på møtet i desember 2016.

## **68/2016 Resultatvurdering sommarsesongen 2016**

### **Vedtak**

Styret bed administrasjonen ta synspunkta frå drøftinga med i det vidare arbeidet med ein samla strategi for dei ulike sesongane.

## **69/2016 International network of language museums**

### **Vedtak**

Styret tek informasjon og drøfting til vitende.

# Godkjend protokoll

Protokoll frå styremøte 30.9.2016 er godkjend i møte 9.12.2016.

---

Grete Riise

---

Hilde Barstad

---

Brit Bildøen

---

Sæbjørn Forberg

---

Stein A. Hevrøy

---

Jon Østbø

---

Jens Helleand Ådnanes

---

Ottar Grepstad